



Ål kommune

Referat frå SU møte Nordbygdene barnehage og Nordbygdene skule Tysdag 17. Februar 2026

Tilstade:	Pers.rep.bhg:	May Rose Aarsnes Brattegard og Marte S. Kaslegard
	FAU bhg:	Nina Medgard og Betina M. Gullhagen
	Pers.rep.skulen:	Lill-Hege Nordrum og Knut Olav Kolbjørnsen
	FAU skulen:	Tonje Ødelien, Helene Uhlen Dokk
	Styrar/rektor:	Sissel Pedersen, Elin Nordheim
	Politsik rep:	Ingunn Solberg Skalle
	Elevråd:	

Forfall: Ruben Lillebø James, Melvin Skrindo

Sak 2025/26-12 Orientering frå skulen

Skulen leverer i desse dagar årsmelding for 2025. Me har klart å halde oss innanfor tildelt ramme, trass høge utgifter til drift og innleigde tenester i 1.tertial 2025. No står skulen rusta til å ivareta oppgåvene på eiga hand. Sjukefråveret er no nede på eit veldig godt nivå. Gjennom 2025 starta det veldig høgt, men var svært lågt i 3. tertial.

Elevrådet har jobba med «styrketreet» med fokussspørsmål korleis me kan skape ein skule der alle elevar gler seg til skulen, trives godt, lærer mykje og alle har det bra? Me tok utgangspunkt i erfaringar me har der me har fått til nettopp dette i halvåret som har gått og fann mange positive effektar ved å gjere meir av desse undervisningsformene. Eksempel på effektar er at elevane får meir fysisk aktivitet med ei betre helse og at alle gler seg til skulen. Ein ny lærar i mellombels stilling starta opp denne veka.

Sak 2025/26-13 Orientering frå Barnehagen

Det foregår tilsyn på spesialpedagogisk hjelp og på psykososialt barnehagemiljø. Alle barnehagar har også tilsyn på barnehagelærar på disp. Ifht årsmeldinga har barnehagen gått utover den totale ramma når det gjeld lønn grunna utvida avdeling og særskilte behov. Det kjem stadig inn søknader til opptak. Ifht frie driftsmidlar er vi godt inannfor ramma. Det blir jobba med smart oppvekst. Det er stabilitet i personell og det er høg kvalitet på tilbodet. Barn og tilsette trives.

Sak 2025/26-14 Budsjett 2026 og innsparing

Det barnehagen kan spare pengar på er kor mange barn som kjem ifht ferieavvikling samt å telle barn ved sjukefråver blant tilsette, for å vurdere om det er behov for å vikarsette.

Me skal spare inannfor desse tre områda frå august 2026:

1. Innsparing 1,2 mill SFO og barnehage – feriestengt
2. Innsparing 3 mill ressurskrevjande tiltak
3. Innsparing 1 mill frå august -26 «organisatorisk tilpasning» - i praksis 2 mill

Barnehagen driftar ut i frå bemanningsnorm, så her er det ikkje mykje pengar å spare. I skulene er dette biletete annleis. Nordbygdene skule sparar allereie pengar i 2026, på at fleire av lærarstillingane fortsatt er besatt av lærarar utan formelt godkjent utdanning.

Sak 2025/26-15 Ferie SFO og sommarstengt barnehage orientering v/Ingunn

Ferie SFO: SUKO tilrår 4. veker feriestengt. SUKO tilrår åpent i vinterferie og haustferie for SFO. SUKO tilrår for Barnehage at barna skal ha 3. veker samanhengande ferie. Ved vanleg SFO drift gjennom året meiner SUKO at me skal forholde oss til vedtaka som føreligg, eksempelvis tal barn på SFO for at det skal bli gitt tilbod.

Sak 2025/26-16 Status på oppgradering ballbingen

Søknaden hos fylket ligg an til å gå gjennom formelt i mai/juni og prosjektet er planlagt gjennomført sommaren/hausten 2026.

Sak 2025/26-17 Saker frå FAU

Barnehagen: Har skissa litt knytt til uteområde og drøfta saker i samband med overgang. Dei ynskjer å jobbe fram eit kostnadsoverslag og søkje spelemidlar i 2026.

Skulen: FAU ynskjer å jobbe for smarttelefonfri skule. Dei har drøfta trygg skuleveg både i Votndalen og i Leveld, forbi skulen. Ingunn vil nemne dette til STNR, Betina vil ta det opp med stibyggarlaget.

Sak 2025/26-18 Bruk av bilder i barnehagen

Her er det restriksjonar knytt til deling av bilder med ansikt som blir delt i visma appen. Det er både fordelar og ulemper med dette då føresette seier dei set pris på dokumentasjonen, men dette handlar om personvern og GDPR.

Neste møte: 28. April 2026 kl. 19.00-20.00

Referat 17.2.26,
Sissel Johanne Pedersen, styrar og Elin Nordheim, rektor